Til elevar og føresette

Tid for vaksinasjon mot HPV (humant papillomavirus)

Vaksine mot humant papillomavirus (HPV) er eit tilbod til gutar og jenter i 7. klassetrinn. Føremålet er å førebyggje kreft som er forårsaka av viruset. HPV smittar lett ved seksuell kontakt, og dei aller fleste får ein HPV-infeksjon i løpet av livet.

HPV-vaksine verkar førebyggjande. Vaksinen gir derfor best vern når den blir gitt til barn/unge før dei blir utsette for smitte. Derfor får barn tilbod om HPV-vaksine som ein del av barnevaksinasjonsprogrammet i 7. klassetrinn, i god tid før gjennomsnittleg seksuell debut.

I dei fleste tilfella går ein HPV-infeksjon over av seg sjølv i løpet av nokre månader. Av og til kan viruset likevel gi ein langvarig infeksjon, som i sjeldne tilfelle kan føre til forstadium til kreft og kreft.

Den vanlegaste kreftformen som er forårsaka av HPV, er livmorhalskreft hos kvinner. HPV kan føre til kreft i endetarmen (anus), munnen og svelget hos begge kjønn. HPV kan også føre til kreft i skjeden og dei ytre kjønnsorgana hos kvinner og på penisen hos menn. HPV-vaksinen kan verne mot desse kreftformene.

Om vaksinen

HPV-vaksinen blir sett i overarmen og blir gitt som to dosar med minst seks månaders intervall. Vaksinen vi bruker, heiter Cervarix. Vaksinar kan, som alle legemiddel, gi biverknader. Dei vanlegaste biverknadene av HPV-vaksine er hevelse og raud hud der vaksinen er sett. Det er òg rapportert om kortvarig feber, hovudverk, trøyttleik, kvalme, oppkast, diaré og magesmerter. Det er ikkje vist at HPV-vaksine er årsak til kronisk eller alvorleg sjukdom eller aukar risikoen for dette. Symptom som oppstår etter vaksinasjonen, treng ikkje vere ein reaksjon på vaksinen, men kan vere teikn på sjukdom som bør behandlast. Kontakt derfor lege dersom du er bekymra.

All vaksinasjon i barnevaksinasjonsprogrammet er frivillig. Foreldra skal leggje vekt på kva barna vil. Les meir om vaksinen, korleis vaksinasjonen blir gjennomført og om effekten av vaksinen og eventuelle biverknader på nettsida: www.fhi.no/vaksine-mot-hpv

Husk å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed dersom eleven dykkar har allergi eller andre helseproblem.

Vaksinasjon med første dose HPV-vaksine er planlagt:

Dato: _____ Kl: _____ Stad: _____

Helsesjukepleiar: _____ Telefonnummer: _____

Andre dose blir vanlegvis gitt minst seks månader etter den første dosen. Helsesjukepleiar vil gi nærmare beskjed om når den andre dosen skal takas

Riv her

Namnet på eleven: _____ Fødselsdato: _____ Klasse: _____

Eg/vi ønskjer at mitt/vårt barn: ☐ skal bli vaksinert med HPV-vaksine
☐ ikkje skal bli vaksinert med HPV-vaksine

Føresett med foreldreansvar: ☐ Mor ☐ Far ☐ Annan person

Føresettes fulle namn (skriv tydeleg): _____

Føresettes underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Informasjon til helsesjukepleiar: